

Nærgående ørn i Uskedalen

25.04.2011



Sundag ettermiddag kretsa ei ørn rundt husa nede på Leite, fortel Arvid Eide. Ørna var på det næraste 60-70 meter frå hustaka.

Det var 2 mindre fuglar som heldt ørna i aktivitet i 6-7 minutter før dei forsvann oppover i dalen.

- Dei som har slept ut små lam no bør halda eit blikk av og til mot himmelen for å sikra seg mot at ørna ikkje tek lamma med seg, seier Eide.

Ørn i Uskedalen er ellers relativt vanleg, det kjem årleg rapportar om at dei stolte fuglane er sett, også par med unge.

Dei plar hekka i eit bestemt område som ikkje bør kunngjerast. Biletet over tok Erlend Moen på Ljosnes for nokre få år sidan.

Av Ola Matti Mathisen